

Miljøhandlingsplan 2024-2025 for Slåttebakkane barnehage



Periodens tema

Natur og biologisk mangfald

Skildring av temaet

I følge Rammeplanen skal barnehagen gi barna kjennskap til naturen. Barna skal lære av naturen og utvikle respekt og forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen med å bruke den som arena for lek, undring, utforsking og læring. «Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyrse til naturen» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10-11).

Tap av naturmangfald og biologisk mangfald er en akutt utfordring for livet på kloden. Arbeidet med temaet tilpassast barnas ståstad og setter fokus på utfordringar vi har og korleis vi som barnehage kan bidra for å oppretthalde biologisk mangfald.

Vi ønsker at barna i barnehagen gjennom dette prosjektet skal få et positivt forhold til naturen, og ønsker gjennom barnas interesser og initiativ, å bidra til at barna blir kjent med og får forståing for planter, dyr og landskap.

I sommar blei vi kjent med «Naturoppdraget» eit pedagogisk verktøy som vi skal bruke som hjelpemiddel neste barnehageår. Naturoppdraget har faste deloppdrag; vi undrar, vi lagar og vi forskar. Det har en tverrfagleg tilnærming og dekkar dei fleste fagområda i Rammeplan for barnehagen. Vi har henta aktivitetar frå Naturoppdraget og lagt inn i årshjulet til barnehagen. Aktivitetar passar som regel til barn i alderen 2-5 år og dei kan enkelt tilpassast heile barnegruppa. Dersom aktivitetane tenner barnas nysgjerrigheit til å utforske vidare, så er det berre til fordel. Sjå årshjulet til barnehagen (vedlegg).

Avdelinga i barnehage har ulike aldersgrupper og vil derfor jobbe ut frå barnas forutset, initiativ og interesser. Det vi vil ha hovud søkelys på er: Fuglar, småkryp, lokale dyr, og blomster/planter. Dette fordi det er disse barna synes er spennande, og fordi vi ser at vi her skaper engasjement og nysgjerrigheit.

Tidlegare miljøprosjekt

Kjeldesortering – vidareførast og er blitt en del av kvardagen vår.

Matsvinn – fortsette med det og prøve å unngå å kaste mat.

Gjenbruk – vidareførast både ut frå miljøperspektivet og av økonomiske årsaker.

Biologisk mangfald – vidareførast. Med å bruke «Naturoppdraget» og «La humla suse» får vi fleire konkrete oppgåver å jobbe med.

Vidare planar

Vi har fortsett planar om å utvide kjøkkenhagen vår. Målet er og å plante meir av bærbusker og andre nyttige plantar (spiselege /humlevennlege).

Vi skal fortsett ha fokus på gjenbruk og ta naturen meir inn i barnehagen som alternativ til leikar og materiell til kreative aktivitetar.

Vi skal vidareføre det vi har jobba med tidlegare og bli endå betre. Til våren skal vi vurdere om vi skal lage en rullerende plan for tema.

Organisering av prosjektet

Det er etablert eit miljøråd som består av følgjande personar:

- Einingsleiar
- Pedagogisk leiar
- Fagarbeidar
- De eldste barna i barnehagen.

Mål og delmål

Overordna mål er å auke miljøbevisstheit hos barn og vaksne. Det er viktig med økt bevisstheit om dyre- og plantelivet i barnehagens nærmiljø.

Hjelpemiddel som «Naturopppdraget» er et viktig hjelpe -og /støttemiddel for dei vaksne og vil bidra til undring om naturen, og læring om kvifor det er viktig å ta vare på naturen rundt seg. Naturopppdraget dekker mange områder av Rammeplanen.

Gjennom oppdrag og aktivitetar i nærmiljøet får barna oppleve glede av å vere i naturen, utforske den, undre seg, bruke sansane og oppdage.

Delmåla for prosjektet er:

- Saman med barna skal vi utforske og studere forskjellige insekt, plantar, dyr og fuglar og undre oss undre over dei ulike roller dyra har i naturen.
- Barna skal bli kjent med dyr vi har i nærmiljøet (insekt og fuglar).
- Vi skal få meir kunnskap om samisk kultur og Samenes respekt for naturen.

Finansiering/ressursar

Det er satt av timar til å leie og drive prosjektet. Alle utgifter er dekket av barnehagen sitt budsjett.

Aktivitet	Tidspunkt	Deltakar	Ansvarleg	Kommentarar	Evaluering til rapport
Planlegging av tema barnehageåret 2024-2025	Mai-juli	Miljøråd	Miljørådet	Miljørådet drøfta nye tema	
Informasjon om nytt tema til føresette og tilsette	August-september		Einingsleiar		
Temastart Bli kjent med Kåre Kråke. Alle avd. finner seg eit tre dei besøker i vinter (sjå årshjul)	August-september	Alle	Pedagogisk leiar	Ein tilsett har strikka 2 stk Kåre Kråke til å bruke på samlingsstunder.	
Miljøgjennomgang Sjå på musikkvideo med Planetpatruljen (NRK super)	Oktober	Miljørådet og skulestartarane	Miljørådet		
Sjå på musikkvideo med Planetpatruljen (NRK super)	Oktober				
Naturoppdraget	Heile året	Alle	Pedagogisk leiar	Kvar månad er det forskjellige oppgåver i Naturoppdraget som kvar avdeling utfører ut i frå barna sin alder og utviklingsnivå	
Grave ned plast, metall og bananskall	Veke 41	3-6 åringer		Grave ned i kjøkkenhagen	
MATSVINN – måle matsvinn i 2 veker	Veke 43-44	Alle avd.	Miljørådet	Registrere resultat. Sjå tips på matvett.no	
Turdagar: Gå i nærmiljøet. Se etter insekter og småkryp	Heile året	Alle avd		Hugs å ta med pose til søppel. Dokumentere med å ta bilde av søppelet	

Lage julegåver av naturmateriell/ gjenbruk	november	Alle avd.			
Lage fuglemat	vinter	Alle avd.			
Grave opp plast, metall og bananskall	våren	3-6 åringer			
Så humlevennlige planter	Våren		Alle avd.		
«La humla suse», sjå film om humleåret https://youtu.be/mC2ywJwMBqs Vi undrar oss over og utforsker Humla Lage insekthotell	April - mai	Alle	Pedagogisk leiar	Kvar avdeling utfører oppgåve ut i frå barna sin alder og utviklingsnivå	
Sjå på musikkvideo med Planetpatruljen (NRK super)	Våren	3-6 åringane		Det finnes mange ulike musikkvideoar	
MATSVINN – måle matsvinn i 2 veker	Veke 14-15	Alle avd.	Miljørådet	Registrere resultat. Sjå tips på matvett.no	
#Grønnsuperdag 5. juni Årets aktivitet er: « Ut å telle insekt »	Mai - juni	Alle		Kvar avdeling utfører oppgåve ut i frå barna sin alder og utviklingsnivå	
Møte i miljørådet, evaluering av halvårets miljøarbeid	Veke 22	Miljørådet	Einingsleiar		
Nye tema til neste barnehageår – ev. lage plan om rullering av tema	Veke 22	Miljørådet	Gudbjørg	Forslag frå Miljørådet, innspel frå øvrige tilsette	